

Det kongelige kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

<b>Deres ref.:</b>	<b>Løpenr.:</b>	<b>Saksbehandler:</b>	<b>Dato:</b>
	21296/06	Astri Pestalozzi	14.09.2006
<b>Vår ref.:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Tlf. dir.innvalg:</b>	
03/4602-53	A00&00	77 78 80 85	
<i>Oppgis ved alle henv.</i>	SAKSARKIV		

## HØYRING - RAPPORT FRA ARBEIDSGRUPPE MED FORSLAG OM ENDRINGER I OPPLÆRINGSLOVENS BESTEMMELSER OM FAG- OG YRKESOPPLÆRINGEN

Vi viser til høyringsbrev fra Kunnskapsdepartementet av 15.06.06.

Yrkesopplæringsnemnda har på bakgrunn av handsaming av saka i møte 22. juni 2006 og arbeidsutvalgmøte 14. september 2006 følgende uttale:

Lovutvalget har etter Yrkesopplæringsnemnda i Troms si vurdering gitt anbefalingar om framtidig deling av ansvar og oppgaver mellom YON og fylkeskommunen, som vil vere med på å sikre og styrke kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda i Troms sluttar seg til utvalet sine tilrådingar, som tek sikte på å gjere yrkesopplæringsnemnda til det sentrale samarbeidsorganet mellom arbeidslivet og fylkeskommunen om ei helhetlig fag- og yrkesopplæring. Nemnda støtter fleirtalet si innstilling til sammensetning av- og oppgaver for den nye yrkesopplæringsnemnda.

Troms fylkeskommune sluttar seg til uttalen fra Yrkesopplæringsnemnda.

Vi har ut over dette følgende felles merknader:

### § 4 – 3 Godkjenning av lærebedrift

I første leddet tilrår utvalet at "*Lærebedrifta må vere fagleg vurdert av y-nemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på y-nemnda...*". Vi føreset at dette kan tolkast til at y-nemnda kan velgje å fastsette generelle kriterier for å bli godkjent som lærebedrift, som kan leggjast til grunn til for fylkeskommunen si godkjenning. Viss ikkje vil dette stemme dårlig med utvalet si målsetting om at y-nemnda i større grad skal vere eit policy-organ og drive med minst

mogleg enkeltsaksbehandling. Enkeltvedtak om godkjenning av lærebedrifter er truleg ei av dei største grupper av vedtak innan fagopplæringsfeltet.

I 3. leddet står det at "Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar som har ansvar for opplæringa....(fagleg leiar)". Og vidare: "Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktører som står føre opplæringa..."

Det kan av forslaget sjå ut som at lærebedrifta både må ha fagleg leiar og instruktør. For små og mellomstore bedrifter vil det ikkje vere naudsynt eller praktisk. Det bør derfor presiserast eller definerast kor stor ei bedrift skal vere for at dei må ha begge deler – alternativt presiserast at fagleg leiar også kan fungere som instruktør.

#### § 4 – 4 Rettane og pliktene til lærebedrifta

I første leddet i forslaget føreslår utvalet "Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen...kan nå måla i den fastsette læreplanen" Det er neppe realistisk å forplikte lærebedrifta til å leggje til rette produksjonen. Vi føreslår derfor at første setninga blir endra til "lærebedrifta pliktar å leggje til rette opplæringa slik at lærlingen.. kan nå måla.." I praksis må lærebedrifta finne andre bedrifter der lærlingen kan få opplæring dei sjølve ikkje kan gje. Dette er også regulert i forslaget i siste setninga i avsnittet.


#### § 4 – 5 Lærekontrakt og opplæringskontrakt

Vi forstår formålet med å knytte lærekontrakta til arbeidsavtale(r), men det er uklart korleis fylkeskommunen skal følgje opp arbeidsavtalar, som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Overgang til ny arbeidskontrakt i ny lærebedrift kan dessutan gi lærlingen problem ved eventuell sjukdom fordi ein normalt ikkje kan få sjukemelding den første månaden. Opplæringskontor kan truleg lage ein eigen avtale ved overgangen mellom bedrifter som ivaretar lærlingane sine rettigheter i denne perioden, men slike ordningar kan vere vanskelegare ved skifte mellom enkeltstående bedrifter. Vi ber departementet sjå meir på denne problemstillinga.

Troms fylkeskommune merker seg også at utvalet ikkje ser det naudsynt med overgangsordningar. Vi meiner likevel det trengs avklaringar med omsyn til korleis ein skal gå fram med godkjenning av opplæringskontor som alt har ei godkjenning fra før.

Med vennleg helsing

  
for Sedolf Slettli  
Fylkesutdanningsjef

  
Astri Pestalozzi  
Fagopplæringsjef